



Arkivsaknr: 2025/6316-5
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Idrett og friluftsliv

SAKSFRAMLEGG

Søknad om lån eller lånegaranti fra Knarvik IL

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre avslår søknad om lån og lånegaranti frå Knarvik IL til prosjektet Knarvik aktivitetspark.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Saka gjeld

Knarvik idrettslag (KIL) arbeidar med å realisera ein aktivitetspark for barn og ungdom i Knarvik på kommunal grunn. Det ligg føre grunnavtale mellom KIL og Alver kommune. I samband med realiseringa søker Knarvik IL om kommunalt lån, eller lånegaranti for å søke etter ei fullfinansiering av prosjektet. Fullfinansiering er eit krav for å kunne søke spelemidlar, og deretter momskompensasjon. Både spelemidlar og momskompensasjon er refusjonar som kjem i etterkant av ferdigstilling. Vedlagt saka er søknaden, og ei nærare skildring av planane.

Saksopplysningar

Saka vert løfta til kommunestyret fordi organisasjonar kan søke kommunar om lån og lånegaranti. Dette er heimla i kommunelova §14-17 og §14-19.

Prosjektet har i følgje tiltakshavar ei kostnadsramme på 13 millionar kroner. Oppgitt finansieringsplan ser slik ut:

Private tilskot	3,85 millionar (kr 205 000 er ikkje stadfesta)
Spelemidlar	4,3 millionar
Dugnad	2,5 millionar
Momskompensasjon	2,1 millionar
Eigenkapital	0,3 millionar
Totalt	13,05 millionar

Knarvik IL søker med bakgrunn i dette om (prioritert rekkefølge):

A) To rentefrie lån på til saman 6,4 millionar kroner. Under føresetnad av godkjend spelemiddelsøknad.

B) Ein kommunale lånegaranti som gir Knarvik IL moglegheit til å ta opp banklån på 6,4 millionar kroner. Under føresetnad av godkjend spelemiddelsøknad.

Dette for å mogleggjere at prosjektet kan realiserast i 2026.

Om spelemidlar som finansiering

I retningslinene til Vestland fylkeskommune om tildeling av spelemidlar står følgande «For å utjamne ventetida på spelemidlar mellom kommunane, må søknader til ordinære anlegg ha ein godkjend søknad i tre år før første tildeling (gjeld ikkje friluftsliv)». Ordinære anlegg som søker i 2025, og får godkjent søknad i mai/juni 2026 vil difor tidlegast kunne vente tildeling i mai/juni 2028. Faktorar som tal på søknader, tildelingsramme frå stat til fylke og deretter den enkelte kommune, og total søknadssum vil kunne føre til at ein må vente utover desse tre åra. Ein er ikkje garantert utbetaling etter tre år. Ein kan også få utbetalt beløpet over fleire år som ei delutbetaling. Spelemidlar er ikkje ei garantert ordning, og anlegget vert først endeleg godkjend for tilskotsutbetaling når det ligg føre ei godkjenning av ferdigstilt prosjekt utifrå innsendt søknad.

Om momskompensasjon som finansiering

Ordninga «momskompensasjon til idrettsanlegg» kan søkast på av blant anna idrettslag som bygger idrettsanlegg. For å søke ordninga må:

- Anlegget vere ferdigstilt.
- Anleggsrekneskapen vere kontrollert og attestert av revisor.
- Søkar ha ein godkjend spelemiddelsøknad.

Ordninga er rammestyrt. Det vil seie at det vert innvilga midlar etter søknad innanfor dei rammene Stortinget løyver for det enkelte år. Dersom løyvinga ikkje rekk til full kompensasjon vil tildeling bli prosentvis avkorta likt for alle godkjente søkarar. I 2025 vart vedtak om tildeling sendt ut medio mai på søknader med frist 01.12.2024. Utbetaling skal i følgje vedtaksbrevet finne stad innan to veker etter tildeling.

Vurdering

Alver kommune har ikkje tidlegare gitt lån, eller lånegaranti til idrettslag som planlegg å bygge idrettsanlegg. Kommunen har inga ordning eller retningslinjer knytt til lån og lånegaranti til frivillige organisasjonar. Me er ikkje kjend med at det er sendt inn byggesøknad for tiltaket.

Lån

Det vil vere uvanleg å stille lån på denne måten, og ikkje tilrådd på generelt grunnlag. Kommunedirektøren vurderer at dette ikkje er eit aktuelt alternativ.

Lånegaranti

Alver kommune har eit mål om å redusera det totale låneopptaket i kommande økonomiplanperiode. Ved dette omsøkte prosjektet ligg det ikkje føre nokon form for sikkerheit eller panteverdi for kommunen dersom det vert gitt lånegaranti. Dette gjer at risikoen vert vurdert til å vere høg. I og med at lånegaranti trengs for å oppnå fullfinansiering for å kunne sende inn spelemiddelsøknad vil ein på tidspunkt for vedtak ikkje vite om anlegget får ein godkjend spelemiddelsøknad, og påfølgande momskompensasjon. Ein veit heller ikkje med sikkerheit når lånegarantien i si heile vil bli innfridd pga. retningslinjer knytt til kø i spelemiddelordninga.

Rettleiar til garanti og finansforskrifta seier noko om kva beløpsgrenser som gjeld for garanti gitt av ein kommune. I rettleiaren står det også at «Det er innbyggertallet i kommunen per 1.januar i året forut for det året som garantivedtaket ble truffet som avgjør hvilken beløpsgrense som gjelder for kommunen». Dette betyr at for garantivedtak gjort i 2025, så gjeld innbyggertal per 1.januar 2024. På det tidspunktet var folketallet i Alver kommune 29 986 i følge SSB. Beløpsgrensa for kommunar med mellom 10 000-30 000 innbyggjarar er fire millionar kroner. Beløp som skal garanterast for utover dette skal sendast til statsforvaltaren for godkjenning, og dette vil gjelde for denne søknaden. Gitt risiko nemnt i førre avsnitt og kommunen sin økonomiske situasjon er det ikkje tilrådd å gi lånegaranti til prosjektet.

Generelt

Prosjektet vert skildra av tiltakshavar som eit tilbod for nærmiljøet som bidreg til sosial berekraft, samhald og folkehelse. Dette er positive effektar ved bygging av idrettsanlegg som er lett å kjenne seg igjen i og anerkjenne. Kommunen kjenner til at fleire idrettslag i ulike delar av Alver planlegg større og mindre prosjekt med bakgrunn i same tankegang. Handsaminga av denne søknaden vil sannsynlegvis vekke merksemd blant frivillige organisasjonar, og skape presedens når det kjem til forventingar om kva kommunen kan bidra med i bygging av idretts- og kulturanlegg. Kommunen bør av denne grunn vere aktsam når det kjem til tildelingar og støtte utover allereie etablerte kommunale ordningar innanfor feltet.

Gitt kommunen sin økonomiske situasjon, risiko knytt til manglande garanti for låne-/lånegarantibeløpet, usikkerheit og sakshandsamingstid ved behov for godkjenning frå

Statsforvaltaren på lånegarantibeløp, og usikkerheit knytt til utbetalingstidspunkt av spelemidlane er det ikkje tilrådd å gi lån eller lånegaranti til prosjektet.

Partar

- Knarvik IL som søker av lån/lånegaranti.
- Alver kommune.
- Alver idrettsråd.

Alver idrettsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Heile uttala er lagt ved saka.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen sin finans vert belasta, og det er vurdert til å ha høg risiko.

Risiko

- Økonomisk risiko.
- Handsaming av søknad vil skape presedens, og forventingar knytt til framtidig handsaming av liknande typar søknader frå frivilligheita.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår avslag på søknad om lån/lånegaranti.

Vedlegg

- 1 Søknad om lån/lånegaranti - Knarvik Aktivitetspark
- 2 Vedlegg - Behovskartlegging.pdf
- 3 Søknad om lån lånegaranti - Knarvik Aktivitetspark.pdf
- 4 Vedlegg - Finansieringsplan - Søknad om lånegaranti eller lån.xlsx
- 5 Vedlegg - Presentasjon.pdf
- 6 Avtale om bruksrett
- 7 Rettleiar til garanti- og finansforskrifta
- 8 VS: Uttale frå Alver IR i sak gjeldande søknad om lån-/lånegaranti frå Knarvik IL